

Referat frå folkemøte bekk 1

16. juni 2026, Kommunestyresalen

Til stades:

Ål kommune: Ordførar Jørund Li, Rådmann Karsten Pop Dideriksen, Avdelingsleiar Svein Furuhaug, Betina M. Gullhagen (referent), Trine Ishoel.

Agenda

- Presentasjon av tiltak som skal gjennomførast
- Presentasjon av prosessen vidare
- Spørsmål og innspel undervegs

Innleiing ved Ordførar Jørund Li

- Alle i rommet presenterer seg.
- Administrasjonen sin oppgåve er å arbeide med å utgreie dei ulike sakene og deretter legge fram eit forslag til vedtak til politisk behandling. I arbeidet med saka skal administrasjonen gjere grundig arbeid for å kome fram til den beste faglege løysinga.
- Så er det opp til politikarane å avgjere sakane. Sakane med sikringstiltak blir sendt til STNR, deretter formannsskapet og til slutt blir saka avgjort i kommunestyret. Politikarane kan kome fram til ei anna løysing eller andre forslag til løysing enn det administrasjonen har kome fram til og anbefaler. Det er det som politikarane bestemmer som blir avgjerla i saka.
- Alle sakar er forskjellige og må handterast kvar for seg, Ål kommune har ikkje gjort akkurat dette før.
- Ål kommune må støtte seg på fagkonsulentane når det kjem til dei tekniske vurderingane og prosjektering.
- Administrasjonen arbeidar for likebehandling av alle innbyggjarar i kommunen. Kvar sak skal løysast så rettferdig som mogleg, og det er viktig å tenke på at kvar sak blir eit eksempel for den neste saka som omhandlar dei same tema.
- Kvar sak med sikringstiltak skal til politisk behandling.

Svein Furuhaug

- Vi er utruleg heldige som har fått 90% dekning på kostnadane som er knytt til bekkeløpet frå NVE. Resterande 10% har kommunestyret vedtatt at skal fordelast

på dei eigedommane som nyt godt av tiltaket. Kven som nyt godt av tiltaket skal behandlast i kvar enkelt sak.

- Ål kommune har bedt Skred as om å utarbeide ei prioriteringsliste for alle tiltaka som er av kritisk karakter i kommunen. Prioriteringslista er basert på nytte/kost prinsippet. Ein kan lese meir om korleis dette er løyst ved å lese rapporten knytt til prioriteringslista, den kan ein finne på Ål kommune si heimeside. Det er viktig at Ål kommune sikrar likebehandling i alle sakar, og for å kunne få til det kan det ikkje bli nytta skjønns ved utveljing av kven som skal få sikringstiltak og ikkje, det må vere heilt konkret dei som nyt godt av tiltaka.
- Rett etter Hans og før prioriteringslista var laga fekk Ål kommune beskjed frå Skred om ei rekke tiltak som var svært kritisk at vart utbetra. Desse tiltaka har blitt gjennomført eller er i gang for å få gjennomført. Desse tiltaka er derfor ikkje med i prioriteringslista. Frå no vil det vera prioriteringslista som avgjer vikle for tiltak som Ål kommune skal søke om støtte frå NVE om å få gjennomført.
- Fristen for årets søkerunde går ut 1.juli og Ål kommune har planlagt å søke om fleire av tiltaka på lista. Nøyaktig kor mange blir avgjort ila denne veka (veke 24).

Svein presenterer det prosjekterte tiltaket i bekk 1 frå presentasjon som Asplan Viak heldt på folkemøte 05.03.26. Presentasjonen ligger på Ål kommune si heimeside.

- Skred har anbefalt å lage ei fordrøyning av vatnet i bekk 1 med eit basseng oppe på Skrattegard. Asplan Viak har prosjektert to løysingar for sikring av bekk 1.
- Alt 1: Utan fordrøyningbasseng, da må det til større dimensjonar på røyra i bakken og det må gjerast omfattande terrengtiltak i sentrum for å lage eit flaumløp oppå bakken som ledar vatnet trygt ned til Hallingdalselva.
- Alt 2: Med fordrøyning. Da er det mindre tiltak gjennom sentrum. Stikkrenner som er øydelagde må likevel bytast. Ein kan lese meir om dei faktiske tiltaka i presentasjonen som ligg på heimesida.
- Ål kommune presenterte begge løysingane for NVE og har fått tilskot til å gjennomføre alt 2 med fordrøyning. Bakgrunnen er at NVE ser at dette tiltaket er det tiltaket som gir størst gevinst og minst ulempe for samfunnet (sentrum i Ål).

Ål kommune har bedt Skred om ei utgreiing om gjentaksintervallet for når bassenget vil fyllast med vatn. Skred har sendt oss følgande tabell.

Gjentaksintervall	Kulminasjonsvannføring bekkeløp	Fordrøyningsbasseng Max volum / varighet med vann i bassenget
2 år	0,3 m ³ /s	Ikke aktivert
5 år	0,4 m ³ /s	Ikke aktivert
10 år	0,5 m ³ /s	Så vidt aktivert
20 år	0,6 ,3/s	70 m ³ / 1 time
50 år	0,7 m ³ /s	300 m ³ / 2 timer
100 år	0,8 m ³ /s	600 m ³ / 3 timer
200 år	0,9 m ³ /s	950 m ³ / 4,5 timer
200 år + klimapåslag	1,2 m ³ /s	2500-3500 m ³ / 9 timer

Som ein kan sjå er det ikkje før ved ein 20-årsflaum at bassenget vil bli aktivert og da i om lag ein time før vatnet har rent ut igjen. Det vil altså ikkje bli ståande vatn i bassenget over lang tid. Bassenget er dimensjonert for 200 årsflaum + 40% klimapåslag.

Når det kjem til prosjektering, dimensjonering, kven som nyt godt av tiltaket og andre vurderingar må administrasjonen lene seg på fagkonsulentane i Skred, Asplan Viak, statsforvalter etc. Ål kommune har ikkje kompetanse til å gjere synsingar eller vurderingar utan om dei føringane som fagspesialistane har gitt. Det finst simuleringsprogram basert på høgdekotane i terrenget, simuleringane visar kor vatnet vil renne og kva eigedommar som vil bli råka av vatnet som kjem. Det er slike simuleringar som er grunnlaget for rapportane som Skred lagar. Administrasjonen brukar rapportane til å vurdere kven som nyt godt av tiltaka. I utgangspunktet er det dei som grensar inn til bekkeløpet som nyt godt av tiltaka.

Økonomi

- Ål kommune dekker alle kostnadane knytt til kartlegging, gjennomføring av prosjekta, skriving av rapportar i etterkant og oppfølging.
- Ål kommune betalar eigenandel på lik linje med alle grunneigarar der kommunen er grunneigar sjølv.
- Kommunar som bygger sikringstiltak, kan etter naturskadelova paragraf 24 krevje tilbakebetaling av eigenandelen for sikringstiltaket frå dei som nyt godt av tiltaket.
- Ål kommune har gjort ei vurdering av kva for eigedommar (gnr/bnr) som nyt godt av tiltaka som er blitt gjort i kommunen. Fordelingsnøkkelen som er nytta per nå er altså ei administrativ vurdering av kven som nyt godt av tiltaket. Innbyggjarane står fritt til å melde inn innspel på andre fordelingsnøklar som vil bli tatt med i saka som blir sendt til politikarane.
- Ål kommune kjem til å presentere fleire ulike metodar for fordeling. Andre forslag som vil bli tatt med er ei utrekning basert på eigedomsstørrelse, storleik på bygg og ei blanding av disse.

- Viktig at fordelingsnøkkelen er konkret, forutsigbar, ikkje basert på skjønn og at den er mogleg å nytte for andre sikringstiltak i framtida. Fordelingsnøkkel må sikre likebehandling.

Ål kommune har full forståing for at eit pålegg om å betale eigenandel påverkar privatøkonomien til folk. Det er mogleg å få ei ordning med delbetaling av eigenandelen

Kommentarar og spørsmål

- Dersom det er vanskeleg å auke dimensjonen på OV-røyr, kan ein ikkje legge fleire røyr ved sida av kvarandre.

Svar: Å legge to røyr er meir omfattande ettersom at grøfta må bli enda breiare. Dette er eit problem når ein skal legge ned røyr i bustadfelt for da kjem grøfta i konflikt med bygningar. Røyra går også under viktige bygg i sentrum. Hensikten med fordrøyning på Skrattegard er å forsinke avrenninga slik at det vatnet som kjem ned i overvass-system er tilpassa den kapasiteten som systemet har.

- Sentrum Sameige Ål meiner fordelingsnøkkel for eigenandelar er urettferdig og urimeleg.

Svar: Ål kommune må sikre likebehandling. Det er nytta same fordelingsnøkkel for bekk 1,2 og 3 som vart nytta i Hellinggrove og Stavegrove. Fordelingsnøkkelen som er brukt er gnr/bnr/ evt seksjonsnr.

Det er svært viktig at fordelingsnøkkelen er konkret, det må være mogeleg å finne dokumentasjon som gir grunnlag for å grunngje fordelinga. Vi må velje ein fordelingsnøkkel som kan nyttast også i framtidige sikringstiltak.

Administrasjonen har diskutert andre moglegheiter for fordelingsnøklar, dei omhandlar tomtestorleik og storleik på bygningane. Dette er konkrete fakta som Ål kommune kan hente ut og nytte til ei fordeling. Men er denne meir rettferdig? Administrasjonen kjem til å legge fram fleire forslag til fordeling når saka skal behandlast politisk. Dersom nokon har eit godt forslag til korleis fordelinga kan løysast vil administrasjonen gjerne ha innspel.

- Kven nyt egentleg godt av tiltaket? Det er mange andelar over Sundrevegen og få andelar under Sundrevegen, burde det ikkje vore fleire andelar på det som er felles?

Svar: Administrasjonen har som nemnt gjort ei vurdering basert på likebehandling, men er open for forslag om at det finnast andre måtar å fordele andelane på. Det vil alltid vere nokon som ikkje er einige og det vil alltid være nokon som vil føle seg urettferdig behandla. Totalsummen som skal inn er lik, dersom nokon skal betale mindre betyr det at nokon andre må betale meir.

Kommentar frå Ordførar: Det er viktig at administrasjonen og politikarane snur alle steinane og belyser alle sidene for å kome fram til den beste løysinga. Det er administrasjonen sin oppgåve å gjere ei vurdering og kome med ei anbefaling, også er det opp til politikarane å avgjere om saka skal løysast på ein anna måte. Men det er viktig at enkelte prinsipp er like for å sikre likebehandling av alle kommunens innbyggjarar.

- Er det rimeleg at eit næringsbygg som Ålingen skal betale ein andel når Sentrum Sameige Ål har 8 andelar til saman?

Svar: Ål kommune har ikkje hatt denne problemstillinga før. Administrasjonen diskuterte akkurat dette spørsmålet når den første saka vart utarbeida, men kom ikkje fram til at det var grunnlag med den valde fordelingsnøkkelen for å gjere fordelinga annleis.

- Kven sørga for at bekkeløpet er rydda lengre opp i terrenget? Det er i skog over Bergstigen at vatnet tek nye vegar.

Svar: Det er i hovudsak grunneigar sitt ansvar å sørge for at vatnet følger sitt naturlege løp og ikkje renn ut på plassar det ikkje skal. Det var likevel meir normalt med dugnad for å sikre slike ting før i tida.

- Sentrum Sameige Ål meiner det er urimeleg at eigedom og seksjonar blir blanda saman. Synes sjølv det er irriterande at ein tilfeldigvis bur akkurat der. Det er viktig at styret i sameiget no får den informasjonen som trengs for å forstå kvifor fordelinga må være slik den er. Styret kjem nok likevel til å være ueinige i at 8 leilegheita i sameiget har fått eigenandel i staden for heile bygget. Det er vanskeleg å forstå at ein leilegheit skal betale det same som eit næringsbygg. Sjukestugu burde vege tungt for at det leggst vekt på ei anna deling med tanke på samfunnsnytte.

Svar: Korleis skulle fordelinga vore? Administrasjonen er open for forslag til deling og kjem til å presentere fleire moglegheiter for politikarane.

Kommentar frå rådmann: Dette er vanskeleg arbeid, det er veldig mange tiltak som skal gjennomførast framover. Nyten for Ål kommune er stor i alle tiltaka, samfunnsnyten – støtta frå NVE er likevel ikkje garantert for framtidige tiltak.

Kommentar frå leiar i STNR, Torhild Helling Bergaplass: Det er fleire som har sendt inn innspel. Fortsett med det, innspela blir vurdert i saka. Politikarane bryr seg og forstår at det blir vanskelege sakar når ein rører ved private lommebøker.

- Rapporten frå Asplan Viak i 2018 belysar fleire kritiske punkt i kommunen. Rapporten lyfter fram mange av dei same kritiske punkta som vi har i fått ny rapport på etter Hans. Kvifor vart det ikkje gjort noko med da?

Svar: Det var ikkje det same fokuset på sikring på det tidspunktet. Det var gjort ein del byting av stikkrenner, men det har vist seg at også dei røyra var for små.

- Dersom det vert prisendring for byggekostnadane korleis blir det løyst?

Svar: Saken skal behandlast i kommunestyret, dei kan komme fram til ei ny fordeling, dei kan bestemme at Ål kommune skal ta ein større del eller noko heilt anna. NVE auker ikkje sitt tilskot uavhengig av prisen Ål kommune endar med å måtte betale. Dersom vi bruker meir peng må Ål kommune finne ei løysing for det sjølv.

Vidare prosess

- Saka er tidlegast klar for behandling i STNR i august, deretter i Formannsskapet i september og Kommunestyret i september.
- Det er klart for utlysing av tiltaket i bekk 2, så det vil truleg bli lagt ut på anbod ila hausten. Det er ikkje klart for å legge ut bekk 1 og 3, det vil derfor ikkje bli starta opp noko arbeid med tiltaket i bekk 1 i 2026.

Oppsummering og konklusjon

- Alle er nøgd med at det blir gjort sikringstiltak.
- Det kokar ned til at innbyggjarane er bekymra for kostnadsfordeling. Ål kommune skal presentere fleire moglegheiter, forslaga blir lagt ut på Ål kommune si heimeside slik at innbyggjarane kan kome med innspel.
- Kven nyt godt av tiltaket, det er vanskeleg å vurdere. Administrasjonen må gjere ei vurdering og legge fram grunngjeving for den, også må politikarane ta stilling til om ei støttar vurderinga.
- Det er viktig at vi legg bak oss slik det var før og fokuserer på løysingar for framtida. Det er ingen som veit når ei liknande hending som Hans kjem til å skje.
- Det er viktig med god kommunikasjon og at alle involverte partar får ei felles forståing av tiltaket og fordelingsnøkkelen som blir brukt.
- Vi har alle eit felles mål – at innbyggjarane skal følge seg trygge og sove godt om natta.
- Vi er heldige som har så god dialog med statlege og fylkeskommunale organ, det gjer at prosjekta våre går enklare. Det at Ål kommune har fått 90% støtte til sine sikringstiltak så langt er ei gåvepakke frå staten.